

**Notat**Dato: 23.05.2017  
Arkivsak: 2014/1015-27  
Saksbehandlar: anifjel

---

**Til:** Fylkesutvalet  

---

**Frå:** Fylkesordføraren  

---

**Svar på spørsmål i fylkesutvalet 23.05.17 - Sotrasambandet**

Ferske tal frå Statens Vegvesen syner at talet på bilar som passerer Sotrabrua no er nesten oppe i 30 000 ÅDT. Situasjonen med kø er verre enn nokonsinne. Det er like mykje som før rushtidsavgifta.

Dette uroar av mange grunnar. Først og fremst at bussane står i dei same køane, det er både dyrt og lite kundefremjande. Det er og føresetnader i den nye Byvekstavtalen om nedgang i biltrafikken om ein skal få utløyst midlar.

Det er enno 5 - 6 år før ny bru er ferdig og noko må gjerast.

Vil fylkesordføraren be om ei sak der ein ser på ulike tiltak som t.d pris, frekvens og båtsamband?

Svar frå fylkesordførar:

Utviklinga i ÅDT over Sotra-brua frå 2016 til 2017:

	2016	2017	Pst vekst
jan	24543	26004	6,0
feb	27581	28096	1,9
mars	25238	27914	10,6

Som ein ser av tala har det vore høgast vekst i ÅDT over Sotra-bruka i mars måned. Dette må sjåast i samanheng med at påska i 2016 var i mars, medan påska i 2017 fall i april.

Når det gjeld kollektivtrafikken er det i dag tre hovudlinjer som betener reisestraumane mellom Sotra/Øygarden og Bergen, 445 Våge/Anglevik – Bergen busstasjon, 460 Ågotnes terminal – Bergen busstasjon og 450 Skogskiftet terminal - Bergen busstasjon. Hovudlinjene har 20 minutt frekvens i rushperiodane, og er samordna på Straume. Samla gir hovudlinjene 95 avgangar og ein frekvens på 6-7 minutt i rushperiodane frå Straume til Bergen busstasjonen på kvardagar. Det har vore kapasitetspress på nokre av avgangane i rush, og det har i enkelte tilfelle blitt sett inn ekstra bussar for å sikre tilstrekkeleg kapasitet.

Frå hausten 2017 er det planlagt å styrke laurdagstilbodet mellom Ågotnes og Bergen busstasjon, samt setje inn nokre enkeltavgangar på kvardag som gir betre frekvens frå Straume til Bergen midt på dagen. Auka tilbod ut over rush er også viktige tiltak for å endre reisevaner frå personbiltrafikk til kollektiv.

Skyss gjennomfører for tida ei vurdering av linjenettet og rutetilbodet i kommunane Askøy, Sotra, Sund og Øygarden. I denne samanhengen har kommunane blitt invitert til dialogmøte for å gi sine innspel. Eit sentralt innspel frå kommunane Fjell, Sund og Øygarden er ønskje om fleire innfartsparkeringsplassar, som kan leggje til rette for kombinerte bil- og kollektivreiser. Kollektivstrategi for Hordaland gir klare føringar om at kollektivtilbodet for dei store reisestraumane skal prioriterast. Styrking av hovudlinjene mellom vest og Bergen er ønskeleg, men vil trenge finansiering. Undersøkingar syner at tilbod i form av frekvens og punktlegheit er langt viktigare enn pris for å få fleire til å reise kollektivt. Mellom anna i Skyss sin eigen merkevaremåling går det fram at tilfredsheit med pris berre i liten grad påverkar den totale tilfredsheita, og at pris dermed ikkje er blant dei viktigaste drivarane. Erfaringar som er dokumenterte knytt til nulltakstforsøk syner også at gratis kollektivtrafikk er eit lite eigna verkemiddel for å få fleire bilistar til å reise kollektivt, samanlikna med forbetringar av tilbodet. Når det gjeld eventuelle båtsamband blir det, knytt til oppfølging av vedtak om ein overordna strategi for kollektivtrafikk på sjøen, arbeid med vurdering av framtidige båtsamband i fylkeskommunal regi. Framlegg til plan vil bli lagt fram til politisk behandling hausten 2017.